

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ove Sæbø	FE-151	18/255

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
064/2019	Kommunestyret	PS	21.11.2019

Utviding av budsjettramme - ansvar 1600 næring

Forslag til vedtak:

Modalen kommune aukar budsjettramma for ansvar 1600 næring, teneste 3250 (tilrettelegging og bistand for næringslivet), post 14700 (tilskot) og 15200 (utlån), frå kr. 2 600 000,- til kr. 4 000 000,-.

Saksopplysningar:

I Modalen kommune sitt budsjettvedtak for 2019, som omfattar ansvar 1600 næring – 3250 tilrettelegging og bistand til næringslivet, post 14700 (tilskot) og 15200 (utlån) er det avsatt kr. 2 600 000,- inkl. budsjettjustering (KS sak 045/2019) 05.09.19.

Med utgangspunkt i ei stor utbetaling på kr. 2 430 900,- frå næringsfondet har den vedtekte budsjettramma blitt overskriden utover tilleggslyvning gjort i kommunestyret 5. sept. 2019. Dette heng m.a. saman med at utbetalingsår frå næringsfondet ikkje alltid er samanfallande med løyvingsår.

Erfaringar frå tidlegare år har vist at vedtekte budsjettramme på om lag kr. 2 400 000,- har tatt høgde for desse forholda.

Rådmannen vurderer at det utifrå rekneskapsreglane må gjerast vedtak om endring i budsjettramme for 2019.

Bakgrunn

Det er i løpet av 2019 rekneskapsført (pr. 11.11.19) utbetalningar til elevstipend, tilskot frå næringsfondet som gjeld vedtak gjort i 2018 og 2019, samt tilskot til Modalen næringsbygg AS på til saman kr. 3 752 854,-. Dersom øvrige løyvingar gjort tidlegare vert krevd utbetalt vil denne summe auke. I tillegg står det att å rekneskapsføre kr. 131 580,- i elevstipend.

Framlegg til auke i budsjettramma skal i tillegg ta høgde for vurdering om næringsfondstyret sitt

vedtak gjort 22. oktober (saksnr. 017/2019) om løyving til Testlab Vest AS skal støttast. I denne saka vedtok næringsfondstyret/formannskapet å løyve kr. 70 000,- i tilskot og kr. 70 000,- i lån med føresetnad om at kommunestyret auka budsjetttramma med kr. 70 000,-

Vurdering

Rådmannen si vurdering er at det er utfordrande å budsjettere på nemnte ansvarsområde. Dette fordi det i næringsfondsakene ikkje alltid er samsvar mellom løyvings-/vedtaksår og utbetalingsår. Saker kjem inn gjennom året, og utbetaling skjer når løyvingsmottakar ber om dette (innan gitte fristar). Rådmannen forstår dei politiske føringane slik at ein ynskjer å ha ei fleksibel tilnærming til personar/verksemder som ynskjer stønad frå næringsfondet – slik får ein fanga opp og vurdert behov når dei oppstår gjennom året.

Det er tidlegare beslutta at elevstipend skal finansierast frå næringsfondet. Dette er ein variabel sum. I tillegg vert tilskot/utgifter til Modalen næringsbygg AS ført frå denne posten.

Budsjettområdet ansvar 1600 er ikkje finansiert over den ordinære drifta, men med fondsmidlar. Dette gjer at at ein står noko friare med omsyn til saldering/inndekning.

Konklusjon

Rådmannen rår til at kommunestyret vedtek auke i budsjetttramma frå kr. 2 600 000,- til kr. 4 000 000,-. Slik får ein fanga opp kommande rekneskapsføring av elevstipend og løyving til Testlab Vest AS, til saman kr. 201 580,-. Dersom det seinare vert gjort løyvingar frå næringsfondstyret med føresetnad om ytterlegare auke i budsjetttramma skal desse også fremjast for kommunestyret som nye budsjettjusteringssaker.

Nettoutgift til næring i skjema 1B aukast frå kr. 2 536 683,- til kr. 3 936 683,-. Dette vert finansiert ved auke i bruka av næringsfondet i skjema 1A frå kr. 3 430 000,- til kr. 4 830 000,-.

Kommunestyret - 064/2019

KS - behandling:

Økonomisjef og rådmann orienterte om saka og svara på spørsmål. Økonomisjef orienterte om ein feil i formuleringa i framlegg til vedtak, og bad om at denne vart retta i den endelege vedtaket. Framlegget, med endringsforslaget frå økonomisjef, vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Kommunestyret vedtek at nettoutgift til næring i skjema 1B aukast frå kr. 2 536 683,- til kr. 3 936 683,-. Dette vert finansiert ved auke i bruka av næringsfondet i skjema 1A frå kr. 3 430 000,- til kr. 4 830 000

